

## Psykiatrisk klinikk flyttar til nytt bygg (Dagabygget)

Psykiatrisk klinikk flyttar til nytt bygg (Dagabygget) som ligg på vestsida av Førde sentralsjukehus, sjå vedlagt plan for flytting og korleis finne fram. Telefonnummer som før.

DPS døgn på Tronvik vert avvikla 25.februar. Frå 26.februar vil rus døgn vere einaste tilbodet som er igjen på Tronvik.

I Dagabygget vil vi ha følgjande tilbod:

- Akutt døgn, 15 døgnplassar. Sengepost med ØH plikt med opptaksområde Helse Førde
- Lokal tryggleikspost, 3 døgnplassar. Sengepost med opptaksområde Helse Førde. Planlagt oppstart mai 2021. Her har vi tidligare kjøpt plassar i andre føretak, en der vi no får tilbake eit eige tilbod i Helse Førde.
- DPS døgn, allmenn, 15 døgnplassar. Sengepost med opptaksområde for kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn
- DPS døgn, psykose, 8 døgnplassar. Sengepost med opptaksområde for kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn
- DPS dag, poliklinikk og ambulante tenester for kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn
- Vaksenhabilitering psykisk helsevern. Opptaksområde Helse Førde

Kapasiteten vår vil bli påverka av at vi skal flytte i veke 8 og 9.

Vennleg helsing

**Svein Ove Alisøy**

Avdelingssjef

57839470 / +4791816510

Helse Førde HF

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

